



Om skillnadar mellom hat, rasisme og kritikk...og kvifor ein bør oppheve forbodet mot mobbing i skulen.

Hadde eg ikkje trudd på kunsten som språk, hadde det ikkje hatt noko hensikt for meg å teikne. Og om alt i kunsten kunne omsetjast til ord, hadde kunsten vore meningslaus. Oveflødig. Men somme gonge må ein bruke ord som nøklar for å opne opp kunsten. Ei sjeldan gong må ein fortleje mesteparten av historia med bokstavar i tillegg til kunsten. Dette er ein tekst skrevet i frustrasjon, og ei teikning teikna i frustrasjon...men det handlar òg om håp. Håp om at kunsten og medfølgande bokstavar kan betre verda for to barn... og håp om at ein kan diskutere om skulen

kanskje burde ha sett etter andre måtar å relatere seg til mobbing. Mot slutten av teksten vil de sjå kvifor eg lurar på om det kan vere bra å oppheve forbodet mot mobbing i skulen.

Denne saka har ført til at eg dei site fire åra, har blitt oppteken av viktigheita av å ikkje heve nokon over kritikk grunna religion, etnisitet, legning eller andre ting. At kritikk skal kunne vere ein del av samfunnet, betyr òg at ein må kunne skilje mellom kritikk, hat og rasisme.

Likestilling betyr ikkje at alle skal vere heilt like, eller tenkje likt. Men somme ting bør vere likt for alle, som til dømes det at ingen bør vere heva over kritikk. For om ein person, ei gruppe eller ein religion blir heva over kritikk, kan den bli destruktiv mot andre.

Konsekvensar av å lære at religionskritikk er rasisme kan ein sjå ved Slettebakken Skole i Bergen. Her reagerar både kristne og muslimske barn med vold om nokon gjer eller seier ting som kan tolkast som ei fornærming mot religion.

Eg har ein ven som er lærar ved ein anna skule, og som har blitt utsatt for rasisme gjennom eigen skulegang. Me har snakka litt om korleis ein underviser barn om rasisme og religionskritikk. Han har fortalt at i følge læreplanane skal klasserommet brukast som platform for diskusjonar kring religionskritikk. Elevane skal vekse opp og bli fungerande medlemmar i eit samfunn med ytringsfridom, og kor det er lov å kome med kritikk. I tillegg sa han at det å kalle religionskritikk rasisme, gjer det vanskelegare å snakke om rasisme. Det blir vanskeleg å gripe tak i kva det faktisk er. Det er vanskeleg for barn å skilje hat, rasisme og kritikk. Difor er det ekstra viktig at skulen bidreg til konstruktive og opplysende diskusjonar med elevane.

Eg vil trekkje fram eit konkret døme frå Slettebakken Skole for å synleggjere kor ille det kan gå om ein definerar religionskritikk som rasisme (pedagogikken og handteringa av saka her er ikkje i henhold til gjeldande læreplanar, så dette er ikkje generelle problem i den norske skulen).

Eit barn blir utsatt for vold, seksuell trakasering og mobbing frå ein medelev. I starten får han beskjed frå læraren om å akseptere det han blir utsatt for, sidan medeleven kjem frå eit krigsramma land. Men det fins grenser for kva eit barn kan tole over tid av slag, spark, fingre opp i rompa og stygge ord. Etter over tre år utan å forsvare seg, svarar eleven «jævla muslim» når han blei kalla «jævla homo». Konsekvensen var at læraren kalla han rasist og nynazist forran klassen.

Men dette er ikkje rasisme. I religionskritikk oppdaga han eit ømt punkt hjå mobbaren. Eit punkt som gjorde at han følte han kunne gjere att for det han har blitt utsatt for. Han byrja å bruke religionskritikk ovanfor medeleven som har mobba og brukt vold.

Skulen har ikkje klart å få slutt på mobbinga, men i staden fekk læraren mobbinga til å ekskalere ved å fleire gonge kalle eleven rasist og nynazist forran klassen. Alle som vil vere «på den gode sida» tek avstand til den autoritetane har definert som rasist. Til slutt deltok dei fleste barna i mobbinga. Pedagogikken her er mildt sagt hårreisande.

Mobbinga har nokre gonge vore så ille i timane at læraren valgte å sende heim eleven som blei mobba. I tillegg byrja læraren å legge skulda for mobbinga på eleven ved å sei at den var eit resultat av hans «rasitiske uttalingar» og at medelevane hadde fått nok. Noko som òg legitimerte at barna heldt fram med å mobbe.

Så blir eg sitjande og gruble over konsekvensane for guten som fekk frikort til å trakasere andre. Korleis vil han vere som ungdom. Som vaksen. Korleis vil han vere mot menneska rundt seg. Korleis vil han ha det med seg sjølv. Kven har han som kan lytte til tinga som kanskje ligg bak hans handlingar...?

Eg blei òg mobba på barne- og ungdomsskulen. Fleire av dei som mobba, avslutta livet før dei hadde blitt 25år. Eg trur folk mobbar for å få utløp for eigne utfordringar. Difor skulle det ikkje ha vore forbod mot mobbing i skulen. Ein burde bruke observasjonar av mobbing for å sjå barn som treng hjelp.

I dag krev det innsats frå foreldre for å få eit barn til psykolog. Tenk om ein hadde skulepsykologar og samtaletilbod til mobbarane - utan at foreldra måtte stå bak og pushe på systemet. Det er kanskje ikkje alltid ressursar eller vilje i heimen til å oppsøke hjelp for barna som treng det mest.

Eg vil avslutte med håp. Håp om hjelp til barn som utagerar mot andre. Håp om at lærarar ikkje legg skulda på barn som blir mobba. Håp om at ein aktivt hindrar lærarar i å legitimere mobbing, og at ein hindrar lærarar i å vere hovuddrivkrafta bak at mobbing ekskalerar. Håp om at skulen kan inkludere barna i lærdom om skillnadane mellom hat, rasisme, mobbing og kritikk, så dei kan forstå samfunnet dei er ein del av. Ein kan ikkje forvente at nokon skal forstå det ingen har forklart.

Brynhild Grødeland Winther
(mamma, billedkunstner, og kritiker/skribent)